

Kontaktblad for
Nr.46 Mai.2015

HJARTDAL HISTORIELAG

*Hjartdal
historielag
25 år!*


Tur til Vest-Telemark - bli med!

Nå kan du bli med
Hjartdal historielag på tur!

Turen i vår går til
Vest-Telemark Museum i Eidsborg,
og til Dalen Hotell

Laurdag 6.juni 2015

Sjå side 6




Om overføring av Reisjaasamlinga til NIA og oppbevaring av skinnbrev.

Vi er alle enige om verdien av det store innsamlingsarbeidet av tradisjonsstoff som Tov Reisjaa gjorde i perioden 1890 – 1938. Samlinga har sidan Tov Reisjaa sin død i 1938 vore i Hjartdal kommune si eige og har vore eit verdifullt kjeldemateriale for både Bygdesoga og Ivar T Dahl sine kulturhistoriske bøker frå Hjartdal. Alle er solide fundament i den lokalhistoriske litteraturen.

Vi er derfor mange som i lengre tid har vore bekymra for oppbevaringa av Reisjaasamlinga. Kassene med det usorterte materialet har levd eit kummerleg liv i eit lagerrom i kjellaren på kommunehuset saman med mykje anna.

Det seier seg sjølv at vi ikkje kunne leve med dette lenger og vi måtte finne ei løysing raskt. Materialet var ikkje berre utsatt for anna lagermateriale som blei stabla på, rundt og over, men stod også i fare for slitasje ved at mange hadde ønske om å bla og leite i dokumenta. Samlinga er ikkje systematisert så få kjente til det eigentlege innhaldet. For ikkje å snakke om dei gamle skinnbreva frå mellomalderen som treng å arkiverast under særskilte vilkår der lys, temperatur, luftfuktighet og brannsikring er tatt omsyn til.

Historielaget sendte på denne bakgrunnen eit formelt brev til Hjartdal



*Ungdomsbilde av Tov Ø. Reisjå.
Foto tilh. Ingjerd og Hans Hovde*

kommune 23.6.2014, der vi oppfordra kommunen til å gå i dialog med *Norsk Industrierbeidermuseum (NIA)* på Vemork om ei overføring av Reisjaasamlinga og evt anna historisk materiale som blir oppbevart i kommunen.

Telemark fylkeskommune har i samarbeid med NIA starta opp eit arbeid for å sikre private arkiv i Aust-Telemark. Styret i historielaget blei 6.8.2015 vist rundt i NIA sine lokaler og arkiv på Vemork. Vi hadde samme dag eit møte med Kjetil Djuve, avdelingsleiar på *Arkiv og samfunnsforvaltninga* ved NIA, der vi fekk ei god orientering om NIA sitt arbeid, spesielt arbeidet med privatarkiv. Vi fekk eit godt inntrykk av kompetansen ved museet.

NIA gjennomførte hausten 2014 ei forprosjektering med økonomiske rammer for eit prosjekt som munna ut i tilsagn om kr 80 000 frå Hjartdal kommune og kr 40 000 frå Hjartdal og Gransherad sparebank, i alt kr 120.000.

Prosjektet er planlagt med oppstart februar 2015 med varighet på 2 mnd. Arkivar Guro Nordby er foreslått som prosjektleiar og styringsgruppa har ein representant frå kommunen, ein frå banken og to frå historielaget. Historielagets representantar i styringsgruppa er Torgunn Opsal og Audun Solberg.

Reisjaasamlinga vil slik bli gjennomgått, arkivert og oppbevart forsvarleg. Innhaldet vil bli lagt ut på *arkivportalen.no* og tilgjengeleg for gjennomlesning/kopiering på Vemork.

I kostnadsramma er og lagt inn presentasjon/utstilling ein eigna stad i kommunen etter at prosjektet er fullført. Vi vil tru dette kan bli snakk om hausten 2015.

Som det går fram av denne gjennomgangen har vi i historielaget bruka mykje tid og krefter på å sikre Reisjaasamlinga. Og vi er svært fornøgd og glad for at samlinga nå er sikra for ettertida. Vi ser fram til den dagen vi alle kan gå på nettet og sjå kva Tov Reisjaa har samla av smått og stort.

Til spørsmålet om oppbevaring av skinnbrev: Vi skjønner godt og deler bekymringa om verdifullt lokalhistorisk materiale som forsvinn ut av bygda og kommunen. Verdifulle gjenstandar og lokalhistorisk materiale har alt for ofte kome på oppkjøparars hender og blitt borte for oss.

Vi kan likevel ikkje skjønne at det er nokon grunn til ei slik bekymring med oppbevaring av skinnbrev hos NIA. Brev vil ikkje bli borte for oss, dei blir heller ikkje vanskeleg tilgjengelege eller oppbevart på ein uforsvarleg måte. Snarare tvert imot.

Tov Weidling ved Riksarkivet opplyser at dei har fleire gamle dokument og skinnbrev innlevert av Tov Reisjaa i si tid. Han er av den meining at den beste måten å oppbevare dette materialet på er hos NIA på Vemork. Han er ikkje i tvil om kompetansen ved NIA i så måte.

Det er av stor viktighet at slike gamle skinnbrev blir oppbevart på ein fagleg forsvarleg måte. Dette er vi rett og slett ikkje i stand til lokalt i kommunen idag. Tuddal museum har ikkje lokalitetar for slik arkivering. Vi meiner heller ikkje tilgangen for tuddalsfolket og andre blir betre med oppbevaring på Tuddal museum. Det vil uansett ikkje vere forsvarleg at alle interesserte skal kunne bla i og handtere desse gamle breva.

Kopiering av breva er ei anna sak. Eller ei separatutstilling av originalane, ikkje berre av breva i Reisjaasamlinga, men kanskje og av skinnbrev i Riksarkivet.

Transkribering og offentleggjing på historielagets nettsider vil ellers vere den beste måten å sørge for ein god tilgang til innhaldet i skinnbrev.

Styret i historielaget meiner det er viktig å sikre våre lokalhistoriske skattar på ein best muleg måte. Vi har diskutert denne saken mykje og grundig og styret er samrøystes enige om at dette er den beste måten å gjere dette på.

Sauland 15.1.2015
Svein Bakkalia

Årsmøtet 2015

30 medlemmer møtte opp på årsmøtet på Løvheim i Sauland 17. mars.

Årsmeldinga syner stor aktivitet i laget i 2014. Turar og møter som markera 200-års jubileet for 1814, samt lokahistoriske turar til Tuddal og Sauland og julemøte på Tuddal høgfjellshotell samla mange.

Ellers har laget arbeidd med å sikre *Reisjåsamlinga* for ettertida.

Arbeid med *Mølla-ny bruk* har vore behandla i styret, og laget har sikra dekning av driftsutgiftene for 2015.

Styret har sendt brev til kommunen og bede om fritak for eigedomsskatt for bygningar av historisk verdi. Vi ba særskilt om fritak for Tuddal Høgfjellshotell.

Styret sendte også brev til kommunen og ba om at det blei starta opp arbeid med kulturminnevernplan i Hjartdal.

Ellers har styret arbeidd med Kulturminnefond og lokahistorisk arkiv.

Laget arbeider med registrering av gamle buplassar i Tuddal og Sauland. Det er planar for å starte arbeidet i Hjartdal også.

Årboka kom ut før jul, det er den fjerde i rekka. Kalenderen kom samtidig, noko mange sett pris på.

Det må nemnast at laget ved årsskiftet hadde 152 medlemmar. Det er ei auke på 25 medlemmar frå fjoråret.

Rekneskap og budsjett vart samrøystes vedteke.



Nokre av mange interesserte deltakarar på årsmøtet. Vertskapet Marijke og Wierd Oosterloo såg til at folk trivdes denne kvelden

Ivar T. Dahl la fram valkomiteens innstilling til nytt styre og styret blei:

- Leiar: Svein Bakkalia
- Styremedlemmer: Audun Solberg, Torkjell Tjønn, Borghild Hovde Brennekåsa, Torgunn Opsal og Gunvor Prestårhus.
- Varamedlemmer: Torkild H.Mosebø, Torkel Hytta.
- Valgkomiteen er som før



Trond Aasland - svært engasjerende foredragshaldar

Etter pause med bevertning var det foredrag ved Trond Aasland frå Notodden historielag. Det var eit særst interessant lysbildekåseri med tittelen *Sam Eyde - nøkkel til verdensarven*. Aasland gav eit sterkt bilete av Sam Eyde og industribygginga her i landet, der Rjukan og Notodden var dei viktigaste plassane. Etter det var vi mange som gjekk heim med meir kunnskap enn da vi kom den kvelden.


Svein Bakkalia takka for foredraget med ein blomst og ei bok frå historielaget. Borghild Brennekåsa takka Svein for innsatsen hans i styret i året som gjekk.

Registrering av buplassar

Vi har i bygdene våre ei gards-og slektshistorie som omtalar nærmast alle buplassar og alle innbyggarar gjennom tidene. Dette stoffet blir ennå meir verdt dersom ein greier å ta vare på fysiske spor etter alle plassane som nå etterkvart blir tatt tilbake av naturen.

Nå er ein del HHL-medlemmer i gang med å sikre desse spora for ettertida. Mange stader er det berre nokre murrestar att av det som tidlegare var heimar. Men desse restane er nok til at vi kan bevare minnet. Litt rydding blir gjort der det trengst, og plassen blir registrert med gps-koordinatar slik at det alltid vil vere greitt å finne attende. Vi registrerer kva vi ser av spor og noterer og fotograferar det som er av interesse. Henvisning til sidetal for omtalen i Hjartdalsoga er også praktisk å få med.

Som ein skjønner er det ein del praktisk arbeid med dette, og dei som vil vere med på turar ut i naturen for å hjelpe til, kan ta kontakt med Torkel Hytta eller Audun Solberg.



Tur til Vest-Telemark – bli med!

Vil du bli med Hjartdal historielag på tur?

Turen i år går til Vest-Telemark Museum i Eidsborg og til Dalen Hotell laurdag 6.juni.

Vest Telemark Museum er eit flott museum med heilt spesielle samlingar som er vel verte å få med seg. Her finst gjenstandar av høg kvalitet og alder som fører oss attende til tida da folk levde med soger og segner og skapte kunstverk i denne tradisjonen. Dette er rikeleg representera her på museet.

Eidsborg stavkyrkje ligg i same området som museet. Kyrkja som er frå 1200-talet og inneheld helgenbiletet av St. Nikolaus eller Nikuls som bygdefolk kalla han.

Vi vil få omvising i samlingane og i Eidsborg stavkyrkje. Etterpå gjeng turen til Dalen Hotell. Der blir vi servera lunsj og under kaffien etterpå får vi eit historisk kåseri.

Prisen for omvising på museet og i kyrkja, samt servering på Dalen Hotell er 375,- kr.

Bussen kjem i tillegg, men der er ikkje prisen klar enno.

Bussen vil dra frå Sauland klokka 09.00.

*Synes du dette høyrrest bra ut så kan du melde deg på til
Svein Bakkalia tlf: 97535468 eller
Torgunn Opsal tlf: 46944521*



Hjartdal historielag 25 år!

Historielaget har stort jubileum i år. Det er 25 år sidan ei styringsgruppe med Leif Skoje, Hans Skeie og Anne Tone Larsen la fram sin rapport på stiftingsårsmøtet den 15. mars 1990.

Styringsgruppa som vart oppretta våren 1989 førebudde første årsmøtet og la fram forslag til vedtekter. Dei verva medlemmer og søkte og fekk økonomisk støtte.

Elles var det ei stor markering av 150-årsminnet for amerikautvandringa i 1989. Anne Haugen Wagn og Leif Skoje ga ut boka «...for at finde en blidere skjebne», og behovet for eit historielag blei synleg.

Kjetil Fosse blei valgt til første formann, med Jon Bøen nestformann, Hans Skeie kasserar, Leif Skoje sekretær, Ingunn Hovde og Ivar T. Dahl styremedlemmer.

Hjartdal historielag hadde 33 medlemmer det første året og kontingenten var på 30 kr. Den første årsmeldinga fortel at det vart halde 4 styremøter og 30 saker vart behandla. Det vart arrangert historisk rusletur langs gamle tuddalsvegar og arbeidd jamnt med innsamling og kopiering av historisk materiale til lagets eiga samling. Det vart og gjeve ut tre nummer av kontaktbladet dette året.

Dei 25 åra har variert mykje i aktivitet og innhald. Torkel Hytta har vore formann i dei fleste av desse, i heile 18 år, og har vore ein viktig person i lagets utvikling. Kjetil Fosse var leiar dei to første åra, Svein Erik

Sletta i fire år på 1990-talet før Torkel Hytta overtok att.

Leif Skoje var ein av initiativtakerane og er vel den som kan kallast grunnleggar av historielaget. Han har vore sentral i det lokalhistoriske arbeidet, m.a. som fagleg inspirator, som redaktør av kontaktbladet og ansvarleg for lagets nettsider. Han har og gjort ein stor innsats i digitaliseringa av fleire større bildesamlingar og i oppbygginga av historielagets arkiv.

Sakene har etterkvart vorte mange. Det er ikkje muleg her å ta for seg alt, ikkje eingong mesteparten. Men utanom det som alt er omtala, kan nemnast initiativet overfor kommunen i 1991 som førte til at oppryddinga i det kommunale arkivet var ferdig eit par år seinare.

Vi har vore ein pådrivar i arbeidet med Heddal mølle og har hatt to medlemmar i styret sidan 1996.

Ved fredsjubileet i 1995 ga historielaget i samarbeid med forfattaren ut boka «*Skriften på veggen*» av Svein Vetle Trae.

Vi har gjeve økonomisk støtte til dei kulturhistoriske praktbøkene til Ivar T Dahl, til begge bøkene til Halvor Sisjord og til dei tre filmene om Suigard Bondal. Fleire CD-produksjonar med slåttespel har og fått økonomisk støtte.

I 2001 vart det halde ein større bildeutstilling i samband med årtusenskiftet, og våren 2009 vart det halde ein godt besøkt filmkveld med fram-

Kontingent 2015

Saman med dette bladet sender vi ut bankgiro for kontingenten 2015.

Også i år har vi ordninga med at alle betalande medlemmer får årboka gratis. Diskusjonen går om vi skal halde fram med denne praksisen, ev. sette opp medlemskontingenten. Men som sagt: I 2015 blir alt som før.

Sidan det på denne måten er medlemskontingenten som betaler mykje av årboka, ser vi gjerne at de hjelper med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på familie og kjenningar utanbygds!

syning av to eldre hjartdalsfilmar som historielaget hadde digitalisert.

Historielaget har og sørgra for opprydding og merking av fleire gamle ferdselsvegar, m.a. Åsvegen og den gamle stulsvegen mellom Sauland og Slåkja. Saulandskartet med gamle stadnamn vart gjeve ut i 2009.

Det har blitt mange lokale turar og fleire turar utanbygds. I 2009 var vi m.a. på Nasjonalgalleriet, Historisk museum og Norsk folkemuseum på Bygdøy, i 2012 på Telemark museum og i 2014 på Eidsvoll i samband med 200 års jubileet.

Vi har på samme vis avvika mangt eit åpent møte. 1814-møtet vårt i 2014, med historikar Jens Jo-


han Hyvik som foredragshaldar, kan stå som eit eksempel på det.

I 2010 overtok historielaget utgjevinga av *Hjartdalskalenderen* som fram til da hadde vore mållaget sitt ansvar, og året etter kom endeleg den første årboka vår som hadde vore snakka om så lenge.

I jubileumsåret kjem den 5. årbo-ka, og Reisjaasamlinga blir ferdig arkivert hos NIA på Rjukan. Vi skal på tur til Vest Telemark museum og Dalen hotell, og vi skal sjølvsgagt feire oss sjølv, til hausten blir det jubileumsfest!

Vi gratulerer alle våre medlemmer med 25 årsjubileet!

*Svein Bakkalia
(leiar i jubileumsåret)*



HJARTDAL HISTORIELAG

Leiar: Svein Bakkalia, Sjøtmovengen 24, 3692 Sauland

Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje

Tlf.: 48237883 skoje@online.no

<http://www.hjartdalhistorielag.no>

Hjartdalbanken 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*